

Dato: 02.04.19
Vår ref: Arvid Tveit

Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing

Vi har gjennomgått *Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova §§ 6, 7, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017)*. Planarbeidet omfattar reguleringsplan for Voss Rafting Senter i Voss kommune.

Sjølve planområdet er på om lag 12 daa og opparbeidd i nord med veg, parkering og bygningar med uteområde. I dette området skal ein rive eksisterande bygg lengst i aust og etablere eit bygg med 6 hyblar for tilsette og lager. Det kan også vere aktuelt å få ein andre etasje på eksisterande hovudbygg som ligg mot fylkesvegen.

Voss Rafting Senter ønskjer å legge til rette for overnattingstilbod (14 rom) og gjesteparkering vest for eksisterande utbygd område. Dette området (1,2 daa) er delvis utmark, etablert med skog og kratt.

Planen omfattar også elveløpet i aust der dei ønskjer å vidareføre bruken av elva til elvesport, kajakkpadling og ålmenne interesser. Deler av elva er regulert til dette i dag, men ein ønskjer no å utvide området til motsette sida av elva.

Forskrifta §§ 6 og 7 seier at følgjande planar og tiltak alltid skal konsekvensutgreiast (og ha planprogram, §6):

§ 6 bokstav b) «*Reguleringsplanar etter plan- og bygningslova for tiltak i vedlegg I.*»

§ 7 bokstav b) «*planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement.*»

Vi kan ikkje sjå at tiltaket kjem inn under vedlegg I. Det er heller ikkje kjent at tiltaket behandlast etter andre lover enn plan- og bygningslova. Vi finn ikkje grunnlag for eit automatisk KU-krav etter §§ 6 og 7, men vurderer tiltaka i planen etter § 8.

Aktuelt tiltak fell inn under vedlegg II, nr. 12, bokstav c «*(...) hotellkomplekser utenfor bymessige områder og tilknyttet utbygging*». Det må etter § 8 vurderast nærare og konsekvensutgreiast dersom tiltaket har vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. § 10. For denne typen tiltak er det ikkje krav om planprogram.

Eigenskapar ved planen eller tiltaket §10, andre ledd.

| |
|--|
| a) Storleik, planområde og utforming |
| Det skal gjerast ei konkret vurdering av størrelse på planen eller tiltaket, planområde og utforming. Bygningsmassen for hotell/overnattingstad/lager vil vere på om lag 600 m ² BRA fordelt på to etasjar. Tiltaket har relativt lite fotavtrykk og ligg innanfor eit område som i eksisterande og overordna planer er avsett til byggeføremål. Tiltaket ligg elles ved etablert infrastruktur og er lokalisert gunstig i høve bruksføremålet. |
| b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar |

| |
|---|
| Tiltaket legg beslag på eit mindre utmarksareal (1,2daa). Dette er eit areal som ligg for seg sjølv og ikkje i tilknytning til eit større utmarksområde. Regulert til bustadtomt i gjeldande plan. |
| c) Avfallsproduksjon og utslepp |
| Ikkje aktuell |
| d) Risiko for alvorleg ulykke og/eller katastrofar |
| Tiltaket legg opp til eit hotell/overnattingsstad med klare utbyggingsprinsipp for å ivareta sikkerheita knytt til alvorlege ulukker og/eller katastrofar. Det er vurdert til å ikkje å vere risiko for denne type hendingar i så stor grad at bokstav d) gjer seg gjeldande. |

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane §10, tredje ledd:

| | |
|----|--|
| a) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markaloven § 11 ▪ utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI) ▪ prioriterte artar ▪ verna vassdrag ▪ nasjonale laksefjordar og laksevassdrag ▪ objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova |
| b) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ truga artar eller naturtypar ▪ verdifulle landskap ▪ verdifulle kulturminne og kulturmiljø ▪ nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar ▪ område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift ▪ områder som er særleg viktig for friluftsliv |
| c) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ statlege planretningslinjer ▪ statlege planføresegner eller regionale planføresegner |
| d) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ større omdisponering av område avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift eller område som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd |
| e) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride |
| f) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining |
| g) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp |
| h) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum |

Vossavassdraget er eit verna vassdrag. Vi vurderer konkrete tiltak i planen til ikkje å medføre eller koma i konflikt med det verna vassdraget.

Det er gjennomført flaumvurderingar av elva og vi vurderer risikoen for alvorlege ulykker som følgje av flaum til å vere svært liten.

Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av vår informasjon og den kunnskapen som offentlege interesseorgan har gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale. Ut i frå denne gjennomgangen ser ein ikkje at det i samsvar forskrifta vil vere nødvendig med planprogram og KU.

Ein står dermed med følgjande liste for aktuelle utgreiingstema:

Alltid:

- ROS analyse
- Naturmangfald

Med bakgrunn i gjennomgangen frå oppstartsmøtet, vil ein skildre verknaden av planen som del av planomtalen.

For Nordplan AS



Arvid Tveit

Arealplanleggar/GIS-rådgjevar